

Handtering av ESBL- produserande bakteriar og karbapenemaseproduserande organismar (CPO)

1. Hensikt og omfang

Hindre spreing og etablering av ESBL og CPO i helseinstitusjonar

2. Ansvar

Leiar er ansvarleg for at prosedyren er gjort kjend og blir følgt

Tilsette har ansvar for å holde seg fagleg oppdatert og være kjend med prosedyren

3. Framgangsmåte

Innhald

Kva er ESBL og CPO.....	1
Kriteriar for prøvetaking.....	1
Prøvetaking ved smittesporing	1
Smitteverntiltak.....	2
Informasjonsflyt	2
Melding MSIS	3
Referansar	3

Kva er ESBL og CPO

ESBL (Extended spectrum beta-lactamase) er namnet på ulike enzym som hemmar effekten av dei vanlegaste typane av antibiotika, til dømes penicilliner og cefalosporinar. Karbapenemaseproduserande organismar (CPO) er i tillegg resistente mot karbapenemer. CPO erstatta det ein før har kalla ESBL-KARBA og er dei organismane vi er mest bekymra for skal spreie seg i helsetenesta.

Dei vanlegaste bakteriane med ESBL/CPO er tarmbakteriar, til dømes *E.coli* og *Klebsiella pneumoniae*, og det største reservoaret er difor mage-tarmkanalen. Miljøbakteriar (vatn) som *Acinetobacter* og *Pseudomonas* er og aktuelle og kan kolonisere luftveggar ved alvorleg sjukdom. ESBL/CPO smittar via kontakt, både direkte og via hender/gjenstandar, og overlever lenge i miljøet. Diaré og avføringsinkontinens aukar smitterisikoen. Av kliniske infeksjonar forårsakar ESBL/CPO oftast UVI.

Dei fleste som blir smitta vert asymptotiske berarar (kolonisert) og vil ikkje ha symptom på infeksjon.

Behandling/sanering av berartilstand med ESBL/CPO er ikkje tilrådd.

Kriterium for prøvetaking

Det er ikkje tilrådd å rutinemessig undersøke (screene) bebuarar for ESBL/CPO før eller ved innlegging i sjukeheim.

Prøvetaking ved smittesporing

Ved uventa funn av ESBL/CPO hjå bebuar bør ein vurdere å ta prøver av dei andre bebuarane på same avdeling. Smittesporing er særskilt aktuelt ved funn av CPO. Omfang av smittesporing skal vere basert på ei lokal risikovurdering i samråd med smittevernlege. Smittesporing omfattar ikkje tilsette.

Som hovudregel er det ikkje naudsynt å ta kontrollprøvar av ein person som har fått påvist ESBL/CPO.

Bruk vanleg prøvetakingsutstyr til bakteriologisk prøve (steril bomullspensel i transportmedium). ESBL og CPO blir analysert i same prøve.

Ta ein prøve frå kvar stad:

- Rektum (det må være synleg avføring på pensel)
- Sår og innstikkstad for framandlekamar dersom det er sekresjon
- Urin dersom pasient har permanent kateter
- Luftvegar dersom pasient har symptom frå desse eller har nyleg vore intubert

Smitteverntiltak

Berarskap av ESBL/CPO skal ikkje vere til hinder for undersøking, behandling, rehabilitering eller pleie. Spreiing av ESBL/CPO i sjukeheim førebyggast med nøye opplæring i og etterleving av basale smittevernrutinar. Vurder tiltaka basert på risikofaktorar (personleg hygiene, søl og sprut av kroppsvæske). Tiltaka må tilpassast slik at dei let seg gjennomføre og tek omsyn til sårbare bebuarar.

Tilrådde tiltak:

- Eige rom og bad dersom dette er mogleg
- Bebuar kan bevege seg fritt på avdelinga
- Bebuar skal ikkje ha på seg klede som er kontaminert med urin/avføring, og bør ha reine bandasjar/inkontinensutstyr
- Bebuar skal utføre/få hjelp til å utføre god handhygiene, særleg etter toalettbesøk og før måltid og opphald i fellesareal
- Smittefrakk nyttast i stell. Hanskar nyttast ved kontakt med kroppsvæsker. Ein kan nytte plastforkle heller enn smittefrakk etter lokal risikovurdering
- Stell og toalettbesøk utførast på bebuarens rom/bad
- Tilpass matserving slik at bebuarar har eigen kuvert og unngår å ta på felles mat. Gjer dette mest mogleg diskret av omsyn til personvernet
- Besøkjande treng ikkje nytte beskyttelsesutstyr, men skal utføre handhygiene når dei forlèt rommet
- Dagleg reinhald og desinfeksjon på toalett og kontaktpunkt, t.d. dørhandtak, lysbrytarar, handtak og armlene på rullestol, rullator og anna utstyr brukaren brukar
- Som desinfeksjonsmiddel kan det nyttast både overflatesprit og andre desinfeksjonsmiddel, til dømes Virkon®, Perasafe® eller Life Clean®
- Tekstilar handterast som smittetøy
- Avfall handterast som smitteavfall dersom det er rikeleg tilsølt med kroppsvæsker
- Behandling/sanering av berartilstand med ESBL/CPO er ikkje tilrådd. Tiltaka varer såleis så lenge bebuaren er innlagd

Rehabiliteringsinstitusjonar:

Følgjer tiltaka som er beskrivne over. Er det faktorar som aukar risiko for spreiiing, kan ein vurdere midlertidig rehabilitering på eige rom så lenge det ikkje hindrar nødvendig behandling. Berar av ESBL/CPO kan bruke symjebasseng, men det kreve gode smittevernrutinar før og etter bruk (dusj og vask) samt rutine for reinhald og desinfeksjon av garderobe.

Informasjonsflyt

- Pasientjournal merkast med opplysning om påvist ESBL/CPO
- Informasjon om smittestatus og anbefalte tiltak skal gjevast til lege med ansvar for vidare behandling ved utskrivning til heime, eller overflytting til anna avdeling eller helseinstitusjon

Melding MSIS

Påvising av enkelttilfelle CPO er meldingspliktig til MSIS. [Slik melder du](#).

Bekrefta utbrot i kommunal helseinstitusjon skal ein varsle. [Slik varslar du](#).

Referansar

[Folkehelseinstituttet. Nasjonal veileder for basale smittevernrutiner](#)

[Folkehelseinstituttet. Smittevernveilederen. ESBL holdige gramnegative stavbakterier - veileder for helsepersonell](#)

[Folkehelseinstituttet. Informasjon til helsetjenesten om begrepsendring for CPO](#)

[Lovdata. Forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu](#)